



Tore Michael Langballe har sendt oss dette flotte biletet. Det er teke av syster hans Ingeleiv – frå Skorpo mot Uskedalen og Ulvanåso for vel eit år sidan. Mathilde er sentralt i motivet. Overskrifta på biletet frå fotografen si side er naturleg nok "På tokt med Mathilde"..

**Hardangerjakta Mathilde er eit kjært syn her inne i fjorden og snart er ho på veg også til Uskedalen og Sandakaien. På biletet over er ho utanfor Skorpo..**  
**Torsdag 17. april om kvelden kjem ho til oss og då skal fylkesmusikarane frå Hordaland og Sogn og Fjordane framføra eit program ombord som er kalla "Med havdur i øyre".**

Jakta, som Hardanger Fartøyvernssenter eig og driv, er eit sjeldant klenodium og minne om ei anna tid. Ho vart bygt på Ølve i 1884. Restaureringa av fraktesfartøyet tok fem år og var fullført i 1989.

I dei seinare åra har ho stadig vore på tokt. Fire veker tidleg på våren og fire veker seint på hausten blir til dømes

disponert til museumstokt – ofte i samarbeid med andre. Jakta seiler 12 veker med elevar. Ho tek 50 passasjerar på dagsturar og det er sengeplass til 25 (i hengjekøyer).

I år skal Mathilde nordover til Ålesund. Det blir jentetokt i veke 29 frå Florø til Ålesund og ope tokt i veka etter – frå Ålesund til Florø. Også i år har DNT leigd jakta for to veker. Dette er den tredje og siste turnesesongen for fylkesmusikarane ombord på Mathilde.

Av Ola Matti Mathisen